

Sigve Hia  
Valheimsvegen 413  
4137 Årdal  
e-post [sigve.hia@online.no](mailto:sigve.hia@online.no)  
Tlf. 47380306

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

UTTALE TIL KONSESJONSSØKNAD FRÅ CLEMENS KRAFT AS OM UTBYGGING I STORÅNA I ÅRDAL, HJELMELAND KOMMUNE – HIA-SLEKTA/RETTIGHETSHAVARAR TIL FALLRETTAR TIL GNR. 122, BNR. 2, HIAFOSSANE

Underteikna representerer storparten av Hia-slekta, -så mange som så langt er identifisert av slekta, i jordskiftesak for Sør-Rogaland Jordskifterett, om fallrettane under gnr. 122, bnr. 2, Hia-fossane i Årdal, Hjelmeland kommune. Som representant for slekta etter fullmakter, gir eg med dette uttale i saka på vegne av slekta, som i jordskiftetsaka set fram påstand om at me eig dei konsesjonssøkte fallrettane under gnr. 122, bnr. 2.

I samband med dette har eg følgjande kommentarar og merknader til påstander i konsesjonssøknaden frå Clemens Kraft AS:

#### **Om bakgrunn for, og ein del påstander i Clemens Kraft AS's konsesjonssøknad**

I samandraget og i innleiinga i konsesjonssøknaden er framført følgjande «fakta» om bakgrunn for søknaden og tiltaket:

##### Frå samandraget:

*«Grunneierne ønsker sammen med Clemens Kraft AS og bygge Storåna kraftverk i Hjelmeland kommune i Rogaland fylke.»*

##### Og frå Innleiinga i konsesjonssøknaden:

##### *«1.1 Om søkeren*

**Tiltakshaver er grunneierne som sammen med Clemens Kraft AS har inngått avtale om felles utnyttelse av kraftpotensialet i Storåna.** Clemens Kraft (org.nr. 912511481) har som virksomhetsområde å bygge og drifte kraftanlegg i området 1 til 10 MW installert ytelse. For ytterligere informasjon om Clemens Kraft AS, se [www.clemenskraft.no](http://www.clemenskraft.no). Kontakt: Storåna Kraft (SUS), c/o Clemens Kraft AS, Fridtjof Nansens plass 6, 0160 Oslo. Kontaktperson: Magnhild Roe, tlf: 99 55 96 93, [magnhild.roe@clemenskraft.no](mailto:magnhild.roe@clemenskraft.no).

## 1.2 Begrunnelse for tiltaket

**Grunneierne ønsker å utnytte naturressursene som hører til eiendommene. For realisering av potensialet er det derfor inngått et samarbeid med Clemens Kraft AS. I anleggsfasen vil tiltaket føre til økt lokal sysselsetting og verdiskapning. Clemens Kraft AS har fokus på å benytte lokale ressurser ved utbygging av kraftverk så langt det lar seg gjøre. Tiltakshaver har som formål å bygge ut kraftverk i skalaen 1-10 MW på en lønnsom og miljømessig skånsom måte. Dette tiltaket har ikke tidligere vært vurdert etter vannressursloven. Deler av nedbørfeltet er regulert ved at feltet ovenfor Breiavatnet er regulert og overføres til Lysebotn kraftverk. Det er krav til minsteslipp fra Breiavatnet til Storåna. Bygging av omsøkte kraftverk vil gi samfunnsmessige fordeler gjennom inntekter til eierne, grunneiere, fallrettshavere, kommune og staten. I tillegg vil byggingen bidra til den lokale og nasjonale kraftoppdekningen. Tiltaket vil bidra til å videreutvikling av lokalsamfunnet. Generelt vil tiltaket styrke næringsgrunnlaget for fallrettshaverne, samt bidra til å sikre bosetningene i området.»**

Påstandane i refererte avsnitt frå søknaden, er på mange område, -(kanskje dei fleste), feil, villedande eller mangelfulle.

- Det vert påstått at grunneigarane ønskjer saman med Clemens Kraft å byggje Storåna kraftverk, og at dei same grunneigarne ønskjer å utnytte naturressursane som høyrer til eigedomane. For realisering av potensialet er det derfor inngått eit samarbeid med Clemens Kraft. Dette er påstander som ikkje er korrekte, eller mangelfulle. Annan stad i konsesjonsdokumentet er det rettnok opplyst at det f.t. er ei pågåande jordskiftesak tilknytta fallrettane til m.a. gnr. 122, bnr. 2, (Hia-slekta). Dette er det ikkje tatt konsekvens av når det gjeld opplysningar om kven som står bak søknaden. Det er aldri så langt tatt kontakt med Hia-slekta, som moglege rettighetshavar til ein stor del av fallrettane i utbygginga, for å klargjere om det er aktuelt å gå saman med Clemens Kraft om ein slik søknad. Så lenge det er tvist om ein stor del av fallrettane utbygginga omfattar, burde det vore ein naturleg konsekvens at konsesjonssøknaden må utsetjast, eller trekkjast frå Clemens Kraft's side, før desse forholda var endeleg avklara i omhandla jordskiftesak.

Underteikna vil difor på vegne av denne parten/Hia-slekta krevje at NVE utset behandlinga av konsesjonssøknaden frå Clemens Kraft om utbygginga i Storåna, til eigarforholda til fallrettane er endeleg avklara, eller primært at Clemens Kraft trekkjer søknaden.

- Det vert hevda at grunneigarane ønskjer å utnytte naturressursane som høyrer til eigedomane. Dette er heller ikkje sant! Ingen av fallrettighetshavarane har eigedomar desse rettane er knytta til. For ein overveiande del av dei som har fallrettane, så er desse fallrettane nedarva frå slektningar, utan at dei er knytta til tilliggjande eigedomar. Eit par av fallrettighetshavarane har bustadadresse i Årdal, (meg sjølv inkludert), utan at det seriøst kan påstås at det her er snakk om utnytting av naturressursar tilhøyrande dei eigedomane ein bur på. Dei tilliggjande eigedomane til aktuelle utbygging i Storåna har ingen fallrettar knytta til seg, kanskje med unntak av ein mindre rett, med nokså minimale fallrettar tilknytta eigedomen. Påstanden om at det her er snakk om å utnytta naturressursane som høyrer til eigedomane, er difor feil og villedande! Dei erstatningar som ei utbygging eventuelt vil gi til rettighetshavarar m.fl., vil då i det alt overveiande gå ut av bygda, til personar utan større tilknytning til bygda eller lokalsamfunnet. Påstanden om at tiltaket vil styrke næringsgrunnlaget for fallrettshavarane, framstår etter dette som feilaktige og latterlege! Dette er tilhøve Clemens Kraft burde vore bevisste på, og klargjort langt betre på førehand,

før dei sette seg til å skrive konsesjonssøknaden! Mange av påstandane om positive verknader for grunneigarar, rettighetshavarar og lokalsamfunn framstår etter dette meir som «fraser», utan dokumentasjon eller realisme i påstandane.

- Ein annan påstand under avsnittet «Samfunnsmessige virkninger» er at utbygginga bidrar med inntekter til eigaren Clemens Kraft AS og rettighetshavarane i området, og vidare m.a. eigedomsskatt til kommunen og inntektsskatt der eigarane er busette. Det første er nok korrekt, utbygginga vil nok gi inntekter til Clemens Kraft, samt nok og i ein viss grad til rettighetshavarane. Men etter det ein veit, vil nok inntektsskatt for desse tilfalle lokalsamfunnet i liten grad, då særst få av rettighetshavarane er busette i Hjelmeland kommune, men rundt om i andre kommunar i landet.
- Ein annan påstand som verkar overdriven og lite verifiserbar er at utbygging, etter ferdigstilling og etter ein er komen i drift, vil gi arbeid og ekstraintekter for grunneigarane. Det går fram at kraftverket i driftsfasen ikkje har behov for fast bemanning, men nok treng eit visst tilsyn. Det er all grunn til å tru, m.a. med kjennskap til andre liknande kraftverk, at slike ekstraarbeid og ekstraintekter, aldri blir meir enn marginale, og ikkje betyr mykje frå eller til for sysselsetjing eller busetjing. Også påstandane på dette området synest då meir å vera ein «frase», som er tatt med i søknaden for å overfokusere på dei påståtte positive ringverknadane, og for i minimalisere dei negative konsekvensane av utbygginga.

### **Generelt om konsesjonssøknaden**

Slik eg vurderer det er det hefta mange feil og mangler ved konsesjonssøknaden frå Clemens Kraft AS. Mange påstandar er ufullstendige, villedande eller direkte feil. For underskrivne representant for ei mogleg stor eigar/interessegruppe i høve utbygginga, er det mest alvorlege at C.K. ikkje har sett det nødvendig å stille konsesjonssøknaden i bero til eigarinteressene til fallrettane er endeleg avklara, all den tid dei har visst at dette er under avklaring i pågåande jordskiftesak. Utanom dette er mange påstandar unyanserte og villedande, m.a. nyansane mellom grunneigarar og rettighetshavarar til fallrettane, der det i denne saka er lite samanfall. Verknadar for grunneigarane sine næringsinteresser er difor heilt marginale og så godt som fråverande.

Underteikna viser elles til fråsegner frå Stavanger Turistforening og felles fråsegn frå Naturvernforbundet i Rogaland og Naturvernforbundet i Strand, som eg i all hovedsak og i denne omgang sluttar meg til.

I fråsegna frå Naturvernforbundet heiter det då og m.a.:

*«Clemens kraft argumenterer i sine søknader at siden Hjelmeland kommune er så sterkt utbygd tidligere, vil det være uproblematisk å bygge ut disse restene.*

*Folk flest forstår at argumentet er motsatt; siden Hjelmeland kommune og Årdal spesielt, er så sterkt belastet med utbygginger er det helt feil å ta også disse siste populære natur- og turområdene til kraftutbygging. Jo færre som blir igjen, jo større verdi har de.*

*Clemens kraft søker om kraftutbygging uten at alle grunneiere er informert om utbyggingsplanene samt at mange grunneiere med rettigheter er uenige i utbyggingene. Det er i seg selv svært betenkelig og søknadene bør derfor avslås.*

Underrapportering

*Clements kraft har etter vår oppfatning underrapportert opplysninger om naturmangfold og verdiene knyttet til disse. Saksutredningene framstår som mangelfulle, hastverkspreget og er følgelig lite troverdige på flere viktige punkter.*

*Det gjelder i særlig grad kartleggingene av karplanter, moser, sopp og lav. Når kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt og ufullstendig blir verdivurderingene direkte feilaktige. Det mener vi er tilfelle for alle tre søknadene. «*

### **Sluttord**

Underteikna vil på vegne av Hia-slekta, som har reist sak til Sør-Rogaland Jordskifterett om delar av fallrettane til Hia-fossane (for gnr. 122, bnr. 2), krevje at NVE utset behandlinga av konsesjons-søknaden for utbygginga i Storåna i Årdal, til det ligg føre rettskraftig dom i omhandla jordskiftesak, og eigedomstilhøva til alle fallrettane er endeleg avklara. Alternativt at Clemens Kraft AS trekkjer konsesjonssøknaden til omhandla jordskiftesak er endeleg avklara.

Som representant for same partsinteresser/Hia-slekta, føreheld eg meg vidare rett til å komme med supplerande uttale på eit seinare tidspunkt, når eigarinteressene er avklara.

I nemnde partskonstellasjon, kan det og sjølvstvert vera ulike syn på saka, men så langt framstår vårt syn som det går fram framanfor:

Saka/konsesjonssøknaden er lagt fram utan medverkad eller samtykke frå vår side, eigedomstilhøva er uavklara, og Clemens Kraft AS sin konsesjonssøknad inneheld mange påstander som er lite underbygde, er direkte feil, er lite nyanserte og mange stader direkte villedande. Alt dette er for oss så langt tilstrekkeleg til å krevje at NVE avviser konsesjonssøknaden frå Clemens Kraft AS.

Til orientering:

Hia-slekta er elles i nemnde jordskiftesak representert ved adv. Bjørgulv Rygnestad, advokatfirma Wigemyr & co.

Årdal, den 6. juni 2017

Sigve Hia  
representant for Hia-slekta,  
eigar av delar av fallrettane til Hia-fossane,  
Storåna i Årdal, Hjelmeland kommune

Kopi til:  
Hjelmeland kommune  
Stavanger Turistforening  
Naturvernforbundet i Strand og Rogaland